

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram

Emne: Vatsbering

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg veit

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Fraa gamalt av var det skikk aa ha vatsbrunn paa garden, dersom det ikkje rann elv eller sikla i nærmunom. Baade fraa brunnen, som her alltid nemnest bekk, elv eller sikla bar ein so vatnet baade til folk og fe.

Til vatsbering brukte ein alltid byratre og tvo trebytter. Byratreet var jamnt 1 m. ( $1\frac{1}{2}$  aln) langt og laga so det fall godt ned paa herdane. Difor var det utor treet teke ei opning for halsen, so bereflata kvilde baade framme og bak paa herdane. Daa vog det so jamnt at byratreet fall ikkje bak yver herdi. I kvar ende av byratreet var ~~KAK~~ fest maatsame lange tog med ein krok i nedste enden til aa krøkja kring "kylpen" paa bytta. Var toget for langt for beraren so byttone tok ned i marki, kunde han berre snara so mange kast paa byratreendane at byttone kom maatsamt upp. Paa denne maaten kunde byratretogi tilmaatast baade aat høgvalsne og stuttvalsne folk. Krokane som byttone hang etter, var av tre i eldre tid. Heilvalsne eineklurar var best til det. I seinare tid vart brukt jarnkrokar.

Vatsselen med ei gjord yver herdi og bringetre framme yver bringa var ikkje brukt til vatsbering. Derimot var denne beregogni vanleg ved mjølkebering fraa sætri um su-

maren, og bar nemnet bringetrest.  
 Vatsbering i trebytter (sinnare Zinkbytter) vart slutt  
 med kvart ein lek innlagt springvatn baade i fjos- og  
 stovehus. Det fyrste spring vart innlagd her i bygdene  
 for ei 50-60 aar sidan. No hev vel kvart einaste bruk inn-  
 lagt vatn baade i kjøk, kjellar og fjos, so vatsbering  
 pas den gammel masten er heilt slutt. Einnast kann vera um  
 det slær til med so hardbale frost (som i fjor t.d.) at  
 vatsleidingane tryk til. Das køyrer ein vatnet. Byrare  
 tinnst mest ikkje att pas gardane, og das lyt ein bruka  
 heit til vatshenting, um det trengst.  
 Det var ei stor lukka for kvinnfolki at det vart slutt  
 med vatsbering baade til folk og fe. Dette arbeidet lag  
 fyrst og fremst pas deim. Sant var det eit hardbale ar-  
 beid i frost, snø og rennetok aa bera alt vatnet som til  
 skulde. Berre til ei buskap pas 9-10 kyr, heit og smale  
 gjekk det mykje til. Og mykje av dette vatnet laut det be-  
 ra tvo gonger. Fyrst til eldhuset der det skulde vermast,  
 so til fjoset att dyri.  
 Ikkje lite gjekk med til huset og, til drikk- og mat-  
 vatn, og so til vaskvatn. Det vart sikker fleire hundrad  
 liter for dagen att i alt. Det digre trebyttonne (budrikk-  
 bytter var det nemnd) tok sine 16-17 l. kvar. Det var vats-  
 drukne og tunge i seg sjøl. Fyllte med vatn, trur eg ~~ikk~~  
 heile byrdi vog kring 60 kg. aa bera ei slik byrd lang  
 veg ofte, røynte pas for nokon kvar i storm og uver. Det  
 var ikkje spør vera tenestgjenta pas ein gard i dei tider.  
 For det var no som hadde vatsbering pas seg for det mes-  
 te atnat alt det andre arbeidet. Mor mi kunde fortelja  
 iraa no var tenestgjenta, at stakken hennar stod av seg  
 sjølv pas golvet, naar ho tok han av seg, avdi han var

stivfrosen av vatnet som skvatt or byttone, naar ho bar deim i frost, snø og rennefok, sumtid lang veg.

Kvinnone hev all grunn til aa prisa vatsleidingane, og dei gjer det og, dei som hev vit paa det.

Pkt. 2 og 3 hev eg ikkje sagt noko um, daa det er ukjent her.

881

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmålnr. 15.

Herad: Haram

Emne: Vannbæring.

Bygdelag: Skuløy

Oppskr. av: Karl Rogne,

Gard: Rogne

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Vatsbering.

Ingen her veit noko um slik vatsbering som er nemnd frå Tinn i Telemark. Her brukte ein alltid byrdatrer.

(Avskrift fra svar nr. 2421, emnenr. 12, Gamal engkultur.)

Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Korkje fiskebein, fiskehovud eller kumøk hev vore brukt til brensel her, det nokon veit.